



RUTINE FOR DEKKING AV REISEUTGIFTER I SAMBAND MED UTGREIING HOS STATPED

Denne rutinen gir retningslinjer for korleis kommunen skal handtere prosessen kring søknad om utgreiing hos StatPed for eit barn. Rutinen klargjer også kva foreldre/føresette kan forvente seg i høve dekking av reiseutgifter, og kva budsjett desse utgiftene skal dekkast frå. Rutinen vart utarbeidd i september 2019, etter eit samrådsmøte mellom fagleiaren ved PPT, kommunalsjef oppvekst, einingsleiar ved barne- og familietenestene og rådgjevarane for barnehage/skule. Dersom det er kommunen/PPT som henviser eit barn til utgreiing hos StatPed, så har kommunen også eit ansvar for å dekke reiseutgifter på visse vilkår. Følgjande retningslinjer gjeld:

- Før PPT/kommunen sender inn søknad om utgreiing hos StatPed må foreldre/føresette bli informert om kva ordningar og vilkår kommunen har i høve reisestøtte. Vilkåra må aksepterast.
- Søknaden skal signerast av fagleiaren ved PPT og foreldre/føresette. I tillegg skal søknaden signerast av rektor dersom utgreiinga gjeld ein elev i kommunal skule, av kommunalsjef oppvekst eller skulefagleg rådgjevar dersom det gjeld ein elev i privat skule, og av kommunalsjef oppvekst eller barnehagefagleg rådgjevar dersom det gjeld eit barn i førskulealder.
- Reiseutgiftene skal dekkast frå budsjettet til den kommunale skulen eleven går på. Reiseutgiftene skal dekkast frå budsjettet «Fellesutgifter skule » dersom det gjeld eit barn i privat skule. Reiseutgiftene skal dekkast frå budsjettet «Fellesutgifter barnehage» dersom det gjeld eit barn i førskulealder.
- Kommunen dekkjer reiseutgifter for ein forelder + barn på følgjande vilkår:
 - I utgangspunktet dekker kommunen reisekostnad etter takst for billegaste kollektive transportmiddel. Kommunen dekker også diett etter kommunens gjeldande regulativ, eller eventuelt faktiske og naudsynte diettkostnader etter framvising av kvitteringar.
 - Dersom billegaste reisemåte ikkje let seg gjennomføre i praksis, skal alternativ reisemåte avtalast med kommunen på førehand.
 - Dersom det er naudsynt at forelder/barn må nytte eigen bil, dekker kommunen køyregodtgjersle etter dei gjeldande takstane i opplæringslova (sjå forskrift til opplæringslova § 10-2, «Full skyssgodtgjersle»). Dette må avtalast på førehand. Kommunen dekker også eventuelle bompengar, ferjeutgifter og parkering.
 - Dersom det er naudsynt at forelder/barn må nytte fly, dekker kommunen flyreise samt reisekostnadar til/frå flyplassen. Dette må avtalast på førehand (type flybillett etc).
 - Dersom det er naudsynt at forelder/barn må overnatte, dekker kommunen for utgiftene til overnatting. Dette må avtalast på førehand (standard på overnattingsstad etc).
- Kommunen dekker ikkje tapt arbeidsforteneste for reisefølgje. Kor vidt foreldre/føresette får permisjon med eller utan lønn er regulert i dei avtalane som gjeld mellom arbeidstakar og kvar enkelt arbeidsgjevar.